


LIVETS DANS - TINGVOLL GYMNAS 1972-75

Av Arild Hoksnes



SOL OVER VASSBOTEN

Det var ikkje meiningsa at eg skulle begynne på Tingvoll Gymnas denne hausten for 38 år sidan. Eg hadde søkt på tre temmeleg sære linjeaval, der estetisk line ved Molde Gymnas var førstevallet, Norrønlina ved Tingvoll nr 2, og Russisk line på Vinstra(!) var nr 3. Molde ville ikkje ha teatertalentet mitt, så vips stod eg der.

Ein augustdag skein sola over Vassbotn, det smaka litt haust, og det smaka ny start. Det var her ute i Straumsneset mor og far sette meg att for å overnatte første veka. Det hadde ikkje ordna seg med hybel, men det kom til å ordne seg.

Eg trur dei var litt urolege, men synte det ikkje.